



Det kongelige kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep
Kirkeg. 18
NO-0032 Oslo
postmottak@kd.dep.no

Arkivkode
&13

Dykkar ref.
THA

Dato
05.03.2014

HØYRINGSUTTALE VEDR. FORSLAG OM ENDRINGER I PRIVATSKOLELOVEN – INNFØRING AV MIDLERTIDIG DISPENSASJONSBESTEMMELSE


Styret i Kjølssdalen Montessoriskule SA ønskjer med dette å komme med følgjande uttale vedrørende forslag om endringar i privatskoleloven – innføring av midlertidig dispensasjonsbestemmelse, jf. utsendte forslag av 10.01.2014:


For grunnskular av liten storleik (<100-150 elevar) er det positivt med tanke på innhald og kvalitet at det stillast krav til særskilt angitt grunnlag for å kunne få rett til å drive privatskule med statstilskot. Små skuler i små distriktskommunar vil kunne trekke til seg godt kvalifisert og ikkje minst motivert personell ved å syne til det særskilte grunnlaget som ein driv etter.

Jamfør høyringsnotatet frå kunnskapsdepartementet som seier «*som eksempler på skoler som vil kunne falle inn under bestemmelsen vil departementet vise til private realfaggymnas og enkelte yrkesfagskoler.*» er det underforstått at denne midlertidige dispensasjonsretten vil gjelde heilt andre skuletypar enn det Kjølssdalen Montessoriskule er. Vi vil uansett ytre vårt syn som er at ein må ha med seg vidare ved endeleg lovendring at det kan være fornuftig at disse store skilnadene i skuledrift (pedagogisk, aldersmessig og storleik) også må sjåast igjen i ny lovtekst for privatskular.

Under punkt 5 i høyringsnotatet frå kunnskapsdepartementet (*økonomiske og administrative konsekvensar*) er det nemnt både trekkordning og korreksjonsordning som skal sikre at kommunar og fylkeskommunar korkje skal tene eller tape på at ein har elevar i privatskular i vertskommunen eller –fylket. Det ligg på ein annan side ein økonomisk og administrativ konsekvens som liten privatskule med rett til statstilskot at ein tek til seg elevar som ein ikkje får tilskot for. Styret i Kjølssdalen Montessoriskule ønskjer at kunnskapsdepartementet ser på ordninga med teljedato og prognosedato for privatskular, då det verkar lite fleksibelt at ein ikkje skal kunne få ressursar for elevar som kjem til skulen etter 1. oktober, då dette er den einaste oppsette teljedatoen for privatskular.


Styret i Kjølssdalen Montessoriskule SA
Dagleg leiar i Kjølssdalen Montessoriskule SA


Ove Kjølssdal, styreleiar


Heidi Berstad, styremedlem


Synnøve Humborstad, styrem.


Ståle Lefdal, styremedlem


Thomas P.R. Hals, dagleg leiar